



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171 . Stiftet 1989

Meland kommune
V/ Rådmannskontoret
Boks 79.
5906 Frekhaug.

Stiftinga Nordgardsløa Org nr.985 154 171, grunnboksheimel til eigedommen.

Stiftinga Nordgardsløa vart skipa ved at 2 valde representantar frå Meland kommune og kvart av dei 9 laga nemnd i §4 i vedtektene møttest. I skipingsmøtet skaut laga inn kr.1.000,- kvar til grunnkapitalen. Meland kommune sitt innskot var Nordgardsløa med tilhøyrande tomt.

Dokumentet er underskrive av Meland kommune v/ ordførar Arne I. Sakstad og formann i kulturstyret Olaug Tveit. (Vedlegg 1)

Tomta er framleis ikkje overført til Stiftinga Nordgardsløa. Dette har styret ved fleire høve blitt informert om.

Styret såg det slik at Meland kommune i fylgje vedtektene er medlem i Stiftinga Nordgardsløa, men har ikkje noko økonomiske plikter overfor ho, forutan overføring av Nordgardsløa med tilhøyrande tomt.

Stiftinga med styret har soleis følt seg på trygg grunn når det gjelder grunnspørsmålet.

Stiftinga har motteke fleire brev frå Stiftelsestilsynet omkring spørsmålet om fast eigedom til Nordgardsløa.

28.02.2017 fekk Stiftinga eit nytt brev frå Stiftelsestilsynet der dei peiker på lov om tinglysning §15. »Den som har grunnbokshjemmel til en eiendom, har også grunnbokshjemmel til dens enkelte deler, derunder bygninger som er eller blir oppført på eiendommen, med mindre grunnboken utpeker en annen som berettiget til disse.» «Under gbnr23/418 kan vi ikkje sjå at stiftelsen har tinglese rettar.» Vedlegg 2



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171 . Stiftet 1989

Stiftelsestilsynet ber om ei orientering frå Stiftinga Nordgardsløa, og styret si vurdering slik saka står i dag.

Denne saka har styret diskutert fleire gonger, seinast i styremøte 5. sept. 2016, Men på grunn av situasjonen med eit eventuelt nytt vertskap i løa gjorde vi ikkje noko med det då.

Det vart her vedtatt at stiftinga sender over relevante papir og Stiftinga Nordgardsløa ber om eit møte med Meland kommune for å avklare eigedomsforholdet.

Vi ser for oss at ei avklaring kan vere enten å tinglyse ein bruksrett eller overføre eiendommen gbrnr. 23 / 418 til Stiftinga Nordgardsløa.

Frekhaug 01.04.2017

Helsing

Stiftinga Nordgardsløa

Jørn Kleiva
Formann

Tor Ryland
Rekneskapsfører